



Uskedal sokneråd var representert på Sunnhordland prosti si nyttårsmottaking i Nysæter kyrkje i dag. F.v: Sokneprest Lina Håland, ordførar Peder Sjo Slettebø, soknerådsmedlemane Eli Roseth Eik og Møyfrid Kristoffersen og kyrkjeverge Erlingur Nielsson.

Uskedal Sokneråd var representert på den årlege nyttårsmottakinga i Nysæter kyrkje på Stord i dag. Saman med soknepresten, Lina Håland, var Møyfrid Kristoffersen og Eli Roseth Eik. Det er Sunnhordland Prosti med prosten i spissen som er vertsskap. Eit av innslaga i programmet er utdeling av frivilligpris til ein i Sunnhordland som over lang tid har utført eit stort og verdfullt arbeid for kyrkja. Prisen i år gjekk til Ragnar Nøttveit frå Ænes sokn.

Prost Theodorsen sa i sin tale til det kyrkjelege Sunnhordland at satsinga i 2018 er: Saman om å byggja kyrkjelyden. Alle i det kyrkjelege fellesskapet vert inviterte inn til å ta del i dette arbeidet. Nåden er eit sentralt omgrep og kyrkja skal vera open, inkluderande og ein heim for alle uavhengig av livsfase, livssituasjon, alder og funksjonsevne. Prosten bad oss vera stolte over kyrkja vår.

Rosendal songlag med deira musikalske leiar, Eva Megyesi, var gjestekor på nyttårsmottakinga. Koret framførte til saman sju nummer i to avdelingar. Sokneprestane i Kvinnherad var med på samlinga i dag. Det same var ordførar, Peder Sjo Slettebø, og kyrkjeverge Erlingur Nielsson.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal